

Fantastiske Scarborough

Draculagrav, borgarkrig, viking-historia og Aidens-field. **Klasse 10A** på Garnes fekk ein fantastisk tur til Scarborough tidlegare denne månaden.

Ronny Bertelsen
ronny@bygdanytt.no

DET ER EIN spent gjeng på 25 elevar og sju reiseleiingar som kjem til Flesland 3. september. Endeleg kan gjengen i klasse 10A på Garnes ungdomsskule reisa på turen dei gjennom ei rekkje ulike dagnader har greidd å få inn over 150.00 kroner til.

Svært mange i Arna har bidratt til klasseturen, både ved å kjøpa kakeboksar eller ved å handla is, pølser og brus av dei som stod i 17. mai-bua. For å nemna noko.

DAGEN VAR KOMEN, og med eit naudskrik kom vi oss heilskinna gjennom vekt-sjekken til flyselskapet vårt. Ein tøysekopp bak skranken skremte vatnet av fleire ved å plassera den eine foten på vekta, slik at kofferten brått vog 25 kilo. Turen til Newcastle tar eigentleg 1 time og 50 minutt, men det viste seg at vi hadde fått ein kaptein av det artige slaget. Han opplyste at han ville sjå om han fann nokre snarvegar på turen for ta inn minutta han var forseinka frå Flesland. Han må ha hatt både grønt lys og funne fleire snarvegar, for flyturen tok berre ein time og eit kvarter. Han må ha hatt litt medvind også.



BORGARKRIG: Fleire av bombene til sir Hugh Chomley treffe akkurat der dei skulle under borgarkrigen i England for over 350 år sidan. Øydeleggingane på Scarborough Castle vart difor svært store. Ruinane er vel verdt eit besøk. Foto: Ronny Bertelsen



Fantastiske Scarborough



VEL FRAMME i Newcastle ventar ein busstur som til vanleg tar 2,5 timar til Scarborough, men ei bilulukke fører til at turen tar nesten halvannan time ekstra.

Det er difor ein sliten gjeng som kjem fram til Duane, som eig pensjonatet The Kenton i gata Queens Parade, som ligg i North Bay. Dermed skulle ein kanskje tru at det også er noko som heiter South Bay i Scarborough, og det er heilt rett.

VERTSHUSA, hotella og pensjonata ligg tett i tett langs Queens Parade.

Med to minutt til strand og 10-12 minutt å gå til sentrum, kan ein ikkje bu betre.

Det er berre det at bygningane langs denne gata er om lag 200 år gamle, og sjølv om det kan vera sjarmerande nok, har Duane ikkje berre gode erfaringar med norske og andre ungdommar som spring rundt i gangane.

Han fortel elevane om kor lytt det er i huset, og om den lille italieneren i nabohuset, som er raskt på tråden dersom Duane sine gjestar lagar meir støy enn nødvendig. Ingen hadde noko ønske om å leggja seg ut med røselege Duane, som ikkje fekk ein einaste klagetelefon dei dagane vi var gjestane hans.

ETTER Å HA sove godt den første natta, var det tur til York som laurdag stod på menyen. Ein by proppfull av spennande Vikinghistorie. Vikingane inntok byen i år 866 og døypte byen Jorvik, som dermed vart eit vikingkongedøme. Dette kongedømet varte heilt til år 954, då Eirik Blodøks vart jaga av engelske styrker. Jorvik blei deretter lagt under det engelske kongedømet.

Eit besøk på Jorvik Viking Centre er med andre ord eit «must» for alle nordmenn som kjem til York. Her blir du tatt med på ei reise tilbake til vikingtida i York, og livet ein kan tenkja seg var på den tida. Men pass på: figurane er så godt laga at

ein lett kan ta dei for å vera folk av kjøt og blod.

Dersom borna ikkje er så ivrige på eit besøk på viking-senteret, kan ein kanskje lokka med ein stopp i skrekabinettet York Dungeon. Før ein veit ordet av det sit ein sjølv på tiltalebenken i ei vaskeekte rettssak, og faren for å bli dømt til døden må vel seiast å vera til stades. Kanskje ikkje noko for dei med dårleg hjarte, men ungdomane forsikra at det ikkje var superskummelt heller.

Den om lag 800 år gamle katedralen er sjølv sagt også verdt eit besøk.

SØNDAGEN VAR den store utfluktsdagen. For dei som er glade i TV-serien «Med hjartet på rette staden» må eit besøk til Goathland stå på lista. Det gjorde det også for 15-åringane frå Garnes, som denne dagen hadde slått seg saman med ein nesten like stor gjeng i klasse 10E.

Før vi kjem til Goathland, der ein finn Scipps sin verkstad og verthuset Aidensfield Arms, stoppar vi i Whitby. Også denne byen kjend frå TV-serien. Eit besøk på grava til Dracula og nokre stopp i dei koselege butikkane, er raskt unnagjort. Nesten like raskt unnagjort er stoppen i Goathland. Få hundre meter unna ligg togstasjonen, der ein kan ta nokre bilete av toget/togstasjonen som er nytta i Harry Potter-filmene.

MEN DET ER no høgdepunktet på turen kjem: Eit besøk i Flamingoland, der dei har både dyr og show, og ikkje minst nokre berg-og-dalbåner som kan måla seg med dei beste. Ei av dei er så bratt at ho er i Guinness rekordbok.

Og tru ikkje at det berre var ungdomane som stor-koste seg i Flamingoland. Alt skulle prøvast også av dei fleste vaksne som var med, og det var minst ein som nok testa meir enn han strengt tatt hadde tenkt for han gjekk inn i moroland.

Etter å ha vorte kasta fram og tilbake, opp og ned og bortetter i nokre timar, var det langt frå alle som var klare til å reisa tilbake til Duane og middagen då klokka var 17.00. Men 15-åringane var til å stola på, både denne dagen og alle dei andre, og klokka 17.00 var alle ombord i bussen.



KALDT: Folk i Club England sørga for at den 32 personar store gjengen frå Arna fekk rikeleg med historieundervisning under



SKUMMEL GRAV: I grava rett framfor elevane vil rykta ha det til at Dracula skal ligga. Foto: Ronny Bertelsen



LEIARANE: Lene Hauge, Ronny Bertelsen, Helene Nesbø, Dagfinn Sundland, Hanne-Lisbeth L. Olsen, Merethe Marthinsen og Linda L. Aase utgjorde troppen med reiseleiarar. Foto: Privat

EIT HØGDEPUNKT for mange var nok handledagen måndag. Scarborough har mange butikkar å by på, og den samla bagasjevekta vår auka nok med om lag 200 kilo. At vi samla handla for minst 50.000 kroner denne måndagen, er ikkje å ta for hardt i. Ei hadde handla så heftig at ho måtte låna bagasje-plass hos fleire av dei andre som var med på turen.

Medan dei vaksne kunne halda fram med handlinga heile dagen, var dette også dagen som var sett av til eit par timar med engelskundervisning i regi av Club England, som i 40 år har arrangert slike turar. Ein kan vel trygt seia at måndagen vart ein roleg dag.

EIN KAN IKKE vitja Scarborough utan å stikka innom Scarborough Castle, som er om lag 900 år gammalt. I dag er det berre ruinane att, etter at sir Hugh Chomley, som var lojal overfor republikaneren Oliver Cromwell, hadde inntatt slottet med hæren sin. Godt gøynde i kyrkja nokre steinkast unna, bombarderte Chomley og hans menn slottet i tre dagar med sine 27 kilo tunge kanonkuler.



Slottsbesøket, som vart av det heller kalde slaget. Foto: Ronny Bertelsen

”Er dette heile Aidsensfield? Seripst?

15-åringane idet vi passerer Goathland på veg til parkeringsplassen.

”Dersom nokon tar meg på hovudet i mørkret, kjem eg til å svima av.

Nokre av jentene som ventar på å få sleppa inn i skrekkabinettet York Dungeon.

Men for å innta slottet med folka sine, måtte Chomley og folka hans kjempa dei reinaste nevekampane på veg inn bak dei fleire meter høge murene. Det var ein svært blodig borgarkrig.

Republikanarane vann krigen og Oliver Cromwell overtok makta i 1653. Kong Charles den første vart henretta. Men det gjekk ikkje meir enn sju år før Charles den andre vart invitert til å koma tilbake som konge, og frå 1660 styrte både kongen og parlamentet Storbritannia saman.

ETTER EIT PAR timar med britisk historie var det ein gjeng slitne ungdommar som måtte tilbake til pensjonatet. Sjølv om alle var klare til å reisa heim, kunne dei forsikra om at dei hadde hatt det utruleg kjekt på turen. Både takka vera det svært velsnekra opplegget til Club England, og ikkje minst fordi dei sjølve gjorde det til ein fantastisk og minnerik tur.

Den sosiale verdien av slike elevturar er svært høg.

Ein treng sjølvsagt ikkje reisa utanlands med klassen for å ha det moro, men det gjev turen minst éin ekstra dimensjon.



AIDENSFIELD: Puben og vertshuset Aidsensfield Arms ligg vis-a-vis gravferdsbyrået til Scripps i Goathland. Eit besøk her er unnagjort på få minutt. Foto: Ronny Bertelsen



FLOTT BY: Scarborough har også flotte strender å by på, men tidevatnet kan koma i ein fart på 12 knop, så pass på. Foto: Ronny Bertelsen



GAMLE BYGG: Verthusa, hotella og pensjonata ligg på rekkje og rad i gata Queens Parade i Scarborough. Bygningane er om lag 200 år gamle. Foto: Ronny Bertelsen



SHOPPING: Vikingbyen York har ei rekkje flotte handlegater å by på, i tillegg til all vikinghistoria. Foto: Ronny Bertelsen